



BKK Nett AS  
Jordal Ingvard

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2040 - 15/35652


Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
26.11.2015

## Svar på førespurnad om å få leggje kabel langs og over kommunal veg - Mongstad

Teknisk drift, VVA, syner til brev motteke 19.11.2015 vedrørende tilbakemelding om BKK Nett kan leggje kabelgrøft som vist på innsendt situasjonskart, og kva krav Teknisk drift, VVA, har til arbeidet.

Teknisk drift, VVA, vil setje følgjande krav for planlagt arbeid med å leggje høgspenkabel i og langs kommunal veg:

- Avstand mellom høgspenkabel og næraste kommunalt leidningsnett skal være minimum 1,0m (horisontalt).
- Kabel skal leggest med minimum 0,5m overdekning jf. «Retningslinjer for graving i offentlig veg».
- Alle kabel- og leidningsanlegg skal innmålast digitalt i open grøft og data skal leverast i GIS til vegeigar. Kabel- og sikringsskap skal settas inntil eigedomsgrense og skal ha ei avstand frå kommunal asfaltkant på minimum 1 meter. Dør på skap må vende vekk frå vegen. Skapene skal ikkje plasserast i kryssområder (med omsyn til siktsoner og snørydding). Skapene skal fortrinnsvis plasserast inntil lysmaster og på ei slik måte at dei ikkje er til hinder for drift og vedlikehald av vegen.
- Lokk på kabelkummer skal være i henhold til NS 1992 og rammene i henhold til NS 1990. Lökkene skal være merket . Der skal nyttast flytande rammer og dei skal ha tilstrekkeleg sikring mot at born og uvedkommande skal kunne opne dem.

«Retningslinjer for graving i offentlig veg» er supplement til gjeldande lov- og andre fastsettingar i forskrifter på området og avgjer korleis ein går fram og kva vilkår som gjeld ved graving i og langs kommunal veg. «Retningslinjer for graving i offentlig veg» er heimla i veglovas § 32, med tilhørende forskrift om saksbehandling og ansvar ved legging og flytting av leidningar over, under og langs offentlig veg, veglovens § 57, samt vegtrafikklovens § 7 andre ledd jf. skiltforskriften §§ 32flg.



Med helsing

Atle Dingen  
Ass. Einingsleiar Teknisk drift

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
BKK Nett AS